

Årsmelding fylkestinget 2020



Fylkesting september 2020: Fv. Symphorien Pombe, Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen og Marianne Sæhle.



Fylkestinget desember 2020: Digitalt er det nye normale

Første år som Vestland

2020 var første heile år som Vestland fylke, men det skulle ikkje lang tid inn i 2020 før landet stengte ned og koronapandemien endra premissane for alt politisk arbeid. Med unnateke fylkestinget i september har nesten samtlege politiske møter og fylkesting etter koronapandemiens utbrot vore gjennomført digitalt.

SV sin representasjon i ulike utval er vist i **Feil! Fant ikke referansekilden..** Hovuddelen av val til styrer, råd og utval vart gjort under fylkestinget i mars 2020, og Tabell 2 viser oversikt over SV sine verv. I arbeidet med å finne og fremme kandidatar til styrer og råd har mangfold vore viktig, og fokus har, forutan valbarheit og kompetanse, også vore på finne dyktige kvinner og personar med minoritetsbakgrunn. SV er framleis del av ei fleirtalskoalisjon saman med Sp, Ap, Krf, MDG og Venstre. Samarbeidspartia sin

samarbeidsplattform kan verte lest [på Vestland SV sine heimesider.](#)

Politiske saker

Vestland fylkeskommunane er i ein krevjande økonomisk situasjon, som skisserer 100 millionar kr i kutt kvart år i økonomiplanperioden. Dette er ikkje eit resultat av akløyse og manglande politisk styring, det er stikk motsett. Auken i utgiftene er resultat av at Vestland har lukkast, og lukkast veldig godt. Både på miljø og opplæring. Anboda med dei miljøvennlege ferjene i gamle Hordaland er vel kjent. Men dei er framleis hovudgrunnen til spareprosessen i fylkeskommunen. Anboda medverka til 350 millionar i auka årlege kostnader. Ein ynskt og villa politikk som er tinga av stortinget og som har redusert utsleppa frå ferjene med 90 prosent. I tillegg er det god næringspolitikk fordi det har medverka til å sette den maritime næringa vår i førarsetet i den grøne omstillinga internasjonalt. Fylkeskommunen fekk nokre millionar i sommar, men framleis ikkje ein



talfesta sum for åra framover. Difor held fylkesrådmannen med å legge inn kut for å få budsjett og økonomiplan til å gå opp. På opplæring er det også overforbruk, men det har knapt nok vore fokus på at hovudgrunnen er at vi har lukkast. Lukkast med å få fleire til å ta yrkesfag, og kome ut i lære. 40 millionar i overforbruk fordi vi har auka tilskot til lærlingar for å få fleire ut i lære. Og då sjølv sagt auke i tal på dei som faktisk tek fagprøva. Realiteten er likevel at så lenge regjeringa struper fylkeskommunen sin økonomi, så begrenser det og legg føringar for heile det politiske handlingsrommet.

Utval for opplæring og kompetanse

Stor siger for SV: SV vann ein stor siger då fylkestinget den 29. september 2020 vedtok nærskuleprinsippet som grunnlag for inntak i vidaregåande skule mot røystene til H, Frp, PP og FNB som ville ha karakterbasert opptak eller såkalla fritt skuleval. Eit samrøystes fylkesting vedtok å utgreie ein reisetidsgaranti. Fylkestinget vedtok ei nærskulematrise som har vorte endra nokre gonger etterpå for å tilpasse det til elevane si oppfatning av kva som er nærskulen.

Ein viktig siger for SV, men det er to men...

1. SV ville ha delt opp Bergen og omegnskommunane i fleire nærskuleområde. No er det eitt. Det fekk vi ikkje gjennomslag for, men fylkestinget ynskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen for å få ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar med lågare karaktersnitt i Bergen. I vedtaket heiter det at fylkestinget vil at det vert nytta simulerte opptak med ei slik utgreiing. Ei slik utgreiing vert truleg gjort i samband med opptaket våren 2021, og altså ikkje

2. Regjeringa og kunnskapsministeren vil lovfeste karakterbasert opptak. Og ta frå fylkeskommunen rett til å avgjere inntaksordning. Samarbeidspartia i fylkestinget, inkludert regjeringspartia KrF og V, er samde om at dette må fylkeskommunen få avgjere. Saka er ikkje endeleg avgjort og inntaket for komande skuleår vil verte gjort i tråd med fylkestingsvedtaket frå september 2020.

Den beste vidaregåande opplæringa: Ei stor og viktig sak for utvalet i 2020 var eit samla mål - og strategidokument for den vidaregåande opplæringa i Vestland fylke. SV sin Åsmund Berthelsen var saksordførar og fekk mykje ros for arbeidet og for måten han har leda prosessen. Hovudutvalet som var styringsgruppe hadde digitale møte med fleire skular der alle aktørane i skulen var med, leiing, lærarar, elevar og andre tilsette. Dokumentet vart vedteke samrøystes i fylkesting før jol og har tittelen "Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring". Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa er at elevar og lærlingar i Vestland skal ha «det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.» Det er viktig å merke seg at det nettopp vert lagt vekt på dette - og ikkje på snevre, kvantitative og kortsiktige resultat. Strategidokumentet er grunnlaget for utviklingsarbeidet skulane skal drive, og det skal utarbeidast ein konkret tiltaksplan for å auke gjennomføringa som framleis ikkje er god nok.

Variert tilbod og struktur er sikra:

Skulestrukturen ligg fast. Det er ikkje planar om å legge ned skular trass stram økonomi. Men å halde på eit variert og mangfaldig tilbod av linjer og program i heile fylket er



vanskeleg. For skuleåret 20/21 vart det lyst ut fleire tilbod/grupper enn det var økonomisk grunnlag for. Då søkjartala var klare valde utvalet å sprengje rammene og halde på fleire grupper enn det var grunnlag for. Det vart gjort for å hindre at mange måtte gå på skular langt frå heimstaden. Krav til oppfyllingsgrad i klassane utfordrar også, då elevgrunnlaget for ein del skular er lågt. Det gjer at ein også opprettar halve klassar og har såkalla kombiklassar. Tilboden for komande skuleår er ein del redusert då dei økonomiske rammene for vidaregåande er redusert. Men ein del viktige tiltak og linjer er sikra, miljøkoordinatorar, produksjonsskulane og dei praktiske linjer. Vidare var SV aktive for å halde på tilbod innan praktisk estetiske faga på skular i distrikta (Førde og Voss mellom anna). Samarbeidspartia er samde om å halde på skulestrukturen i denne perioden.

Posisjonspartia samarbeider godt og kjem fram til felles standpunkt i viktige saker før møta i hovudutvalet. Som nestleiar er Åsmund trekt inn i arbeidet med å planlegge arbeidet på sektoren.

SV- fraksjonen som er oppnemnt for å støtte arbeide i utvalet har hatt møte føre kvart hovudutvalsmøte og har vore ei god støtte for SV sitt medlem. Diverre er det fleire som ikkje har hatt høve til å møte på dei digitale møta.

Utval for miljø og samferdsle

Byvekstavtalen: Året starta med handsaming av, kanskje den viktigaste saka for Bergen, nemleg byvekstavtalen. Ein avtala som sikrar midlar til utbygging av bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande avtale knytt til bompengeforliket på stortinget. Desse nye byvekstavtalane inkluderte også omengskommunane til Bergen. Det vart gjennomført digitale møter med SV

representantane i Bergen og omengskommunane for å orientere kvarandre om SV sin argumentasjon og avstemming i dei ulike kommunane. Med unntak av Alver stemte alle SV lag for ny byvekstavtale. SV på fylkestinget meiner byvekstavtalen er avgjerande for å lukkast med nullvekst i personbiltrafikken, reduksjon i klimagassutslepp og mange millionar til auka ruteproduksjon til kollektivtrafikken i heile Stor-Bergen. I tillegg kom regjeringas bompengeforlik med midlar til å redusere bompengane og til å redusere kollektivprisane. Det burde vore enkelt å finne eit fleirtal for i Bergen bystyre for å ta imot 50 mill. til reduserte bompengar og til reduserte kollektivprisar, men vårens handsaming viser at det berre er SV som tek ansvar og sørger for fleirtal for å sikre ein historisk reduksjon i kollektivprisane, og med innretning om at reduksjon i bompengane bør knyttast til nullutsleppskøyretøy.

Koronapandemien skulle derimot sette ein stopper for den vedvarande auken i kollektivtrafikk som ein har sett over år, og det har vore store endringar i folk sitt reisemønster i pandemien. Ved haustens utbrot i pandemien tok SV sin representant initiativ til ei sykkelmobilisering som eit koronatiltak saman med mange andre organisasjoner.

Nasjonal Transportplan: Fylkeskommunen handsama sitt høyrings innspel til Nasjonal Transportplan i mai 2020. Fleirtalet er einig om å prioritere rassikring og trygge bruksvegar, bybanen, barnas transportplan, Stad skipstunell og mykje anna god veg og infrastrukturpolitikk. Spenninga var likevel knytt til kva som ville vere formuleringane rundt dei store fjordkryssingsprosjekta på E39 og spesielt Hordfast. Ved handsaming i



fylkesutvalet var det eit klart fleirtal for ei klar og tydeleg formulering om at ny E16 og jernbane Arna – Voss skal ha førsteprioritet, og samtidig at ein måtte prioritere ned dei store fjordkryssingsprosjekta på E39. Fram mot fylkestingets handsaming 12. mai braut derimot Sp, Ap, Krf og V ut av sitt eige fleirtal, men utan å finne fleirtal med Høgre og Frp. Resultatet vart at framleis er Voss-Arna øvst, men diverre forsvann formuleringa om at dei store fjordkryssingsprosjekta måtte vente. Ein siger er det likevel at for første gong var ikkje Hordfast nemnd i ei høringsuttale frå Vestland, eller gamle Hordaland.

Snøggbåtanbod: Det største potensialet for kutt i klimagassutslepp er knytt til snøggbåtanboden for hurtigbåtane i gamle Sogn- og Fjordane. Dette er det lengste hurtigbåtanboden i Noreg og det har vore uklart kor langt teknologien har komme i forhold til potensialet for klimakutt. Lenge trudde ein at det kun var hydrogenteknologi som kunne levere på slike lange anbod, men takka vere el-ferjerevolusjonen i gamle Hordaland så har teknologien gått fort framover. Marthe Hammer har jobba mykje med hurtigbåtanboden, og mellom anna hatt mykje hjelp frå Marius Gjerset i Zero. Eit breitt fleirtal (inkludert Høgre) i fylkesutvalet landa på ein anbodsmodell der ein går for hybridløysingar, i praksis batteriteknologi, men at ein også har ein pilot med nullutsleppsteknologi (i praksis hydrogen). Dette er SV veldig godt nøgd med, og vår oppfatning er at dette er det sikraste valet når det kjem til kutt i klimagassutslepp.

Utval for næring, naturressurs og innovasjon

Utval for næring handsama i februar North Connect kabelen, og for SV er det ein stor siger at eitt breitt fleirtal rår i frå at det vert gitt konsesjon til North Connect til å byggja

straumkabel frå Sima i Hardanger til Skottland. Berre regjeringspartia og MDG stemte for. Etter at koronapandemien verkeleg sette inn har utvalet hatt mange møter for å utbetale og prioritere koronastøtte til næringsliv på ein effektiv måte.

Utvalet har også handsama plaststrategien, som vart laga etter ein interpellasjon frå SV sin gruppeleiar i førre periode, Aud Karin Oen. Denne strategien vart samråystes vedteke i fylkestinget i juni. Stor takk til Aud Karin.

Utval for kultur, idrett og integrering

Utvalet har fungert veldig bra og posisjonen er samla i alle fall 95% av sakene. SV har jobba for gode løysingar for Fargespill, Vestland innvandrarråd, Papillon Bergen og fleire. SV sin gruppeleiar har besøkt Holevikjekta, og det er mange viktige kulturminne som ein vil jobbe med vidare. Tidleg på året hadde utvalet regjerings kulturmelding. I tråd med fylkesprogrammet stemte gruppa for overføring av meir ansvar for kulturfeltet til fylkeskommunen, men ser at fylkesprogrammets formuleringar verken var i tråd med Bergen sin vedtekne politikk og ei heller det stortingsgruppa til slutt landa på. Det er ein del forskjellar mellom storbyen Bergen og distriktet, samt gamle Hordaland og gamle Sogn og Fjordane, som framleis pregar arbeidet i utvalet. Dette gjeld alt frå struktur, storleik og økonomisk finansiering av ulike kulturinstitusjonar. Ein stor sak har vore garanti for nytt arkiv på KODE, som endte med at fylkeskommunen sa ja til å gi. KODE vil det verte jobba vidare med.

Bokbåten: Utvalet har også hatt saka om nytt anbod av bokbåtdrift. Sjøl om verken bokbåten, eller Epos er nemnd i SV sitt valprogram, så var ikkje nytt anbod ei enkel sak for SV. Fylkestingsgruppas totale vurdering



var likevel at det ikkje var økonomi til å lyse ut eit nytt anbod for ei bokbåt drift i Vestland fylkeskommune. Med dei krav ein setter til nye anbod ville det krevje universell utforming, nullutslepp teknologi, og ikkje minst at fylkeskommunen forpliktar seg til å drifta dette i fleire år framover med ein ny båt. Av eit budsjett totalt på bibliotekstenesta på 10 mill., ville eit nytt anbod kunne blitt fleire millionar. SV sin vurdering var at eit nytt anbod ikkje er det rette no, det som er viktig er å redde Epos – sjølve bokbåten, ikkje nytte fleire millionar på å bygge opp ei ny bokbåtteneste i Vestland, pengar som villa gått på bekostning av anna fylkeskommunal tilrettelegging for biblioteka. SV er derimot ikkje negativ til å vere med i eit spleiseland saman med andre kommunar og organisasjonar i ny/vidare drift av eit flytande litteraturhus med utgangspunkt i Epos, og har tatt til orde for dette i sosiale mediar. SV har også jobba og hatt dialog med dei som jobbar for flytande litteraturhus med utgangspunkt i Epos, og stemt for å gi støtte til dette i fylkesutvalet i november.

Fylkesutvalet

Koalisjonen er samde om ein rekke saker, men på nokre saker skil vi lag, spesielt gjeld dette fråsegn til kommunanes arealdel og fylkets nye arbeid knytt til kulturminne og anna regionalt planarbeid. Eksempel på dette er reguleringsplan for Endelausemarka, høyring på strandsone i Bergen, kulturminne og regionsenter og utbygging. Dette vil det vere meir fokus på i koalisjonen framover.

SV har også forsøkt å ta opp sak i tråd med fylkesårsmøtet fråsegn om «Sats på jenter» og i samarbeid med LO om garderobar til både kvinner og menn på byggeplassane. Diverre vart SV ståande aleine på denne saka.

Fylkestinget

Selskapskontroll bompengeselskapet Ferde

AS: I denne saka brøyt SV ut av fleirtalskoalisjonen og stemte for kritikk av styret. Her har både Symphorien Pombe og Marthe Hammer markert seg

Ulovleg valt mineralråd: Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta saman med Naustdal og Askvoll kommune rett før fylkes- og kommunesamanslåing eit såkalla mineralråd. Rådet er etter vedtekten oppretta som fast utval etter paragraf 5 i kommunelova. Oppnemning av slike utval er det berre kommunestyre eller fylkesting som kan gjere. Det er ikkje gjort i dette tilfelle. På spørsmål i fylkestinget svara fylkesordføraren svar innan første halvår, om oppnemninga av mineralrådet var lovleg. Vidare lova han ei sak om korleis ein skal arbeide med mineralutvinning innan utgangen av 2020. Ingen av sakene har kome på bordet. Siste melding er at sakene kjem i mars månad. Det er ei sakshandsaming som ikkje kan godtakast. Mineralrådet er i røynda oppretta for å støtte opp om Nordic Rutile sitt gruveprosjekt i Veving ved Førdefjorden - med fjordfylling og fjellkapping!

Ei historisk nedbygging av norsk natur: Med alle planar om vindkraft i Vestland fylke vil ein oppleve ei nedbygging av natur som saknar sidestykke. Det er planar om å bygge ut nokre tusen vindturbinar frå rogalandsgrensa til mørregrensa. Vestland SV har ei klar formulering mot meir vindkraft på land og fylkestingsrepresentantar har vore med på møte og seminar mot vindkraft. SV fekk i juni ei samråystes oppslutning om ei fråsegn om å seie at «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv,



og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene. Men det er gjort lite frå den politiske leiinga i å følgje opp vedtaket, og dei fylkeskommunalt valde representantar i styre eller andre organ ser ikkje ut til å følgje opp dette. Det meiner SV at dei har ei plikt til å gjere.

Krav til transparens for mineral nytta i batteri
I fylkestinget i juni hadde Symphorien interpellasjon om kvar minerala i batteria i nullutsleppstransporten kjem frå. Kobolt er eit slikt metall, og over halvparten av all kobolt i verda kjem frå Kongo. Eit land som bryt menneskerettar i sin plyndring etter mineral. Med nye hurtigbåtanbod og batterifabrikkar vil etterspurnaden etter slikt metall berre auke, derfor er var dette ein svært viktig interpellasjon i overgangen til nullutsleppsfunnet. SV fekk fleirtal for at fylkeskommunen skal stille krav om transparens knytt til kor minerala i batteria i nullutsleppsteknologien kjem frå.

Andre interpellasjoner, spørsmål og tale:
Marianne har hatt interpellasjon om både beredskapsplanar i den vidaregåande skulen og likelønn, som begge vart fylgt opp av fleirtalsvedtak i fylkestinget. Marthe har hatt spørsmål om jernbanepakke 4 og manglande høyringssvar frå fylkeskommunen. I tillegg har debatten knytt til fylkesordførarens tale ført til gode debattar og nokre medieoppslag, mellom anna rasisme og krav til nærpolti frå Symphorien, og behov for jernbanemidlar for å realisere K5.

Pensjon: Etter krav frå Storebrand så har administrasjonen i fylkeskommunen førebudd anbodsutsetting av pensjonen. Denne saka var same dag som det første digitale fylkestinget i Vestland og same dag som handsaming av

Sosialistisk Venstreparti
Hagegata 22, 0653 Oslo

Nasjonal Transportplan. Denne saka fekk derfor lite merksemd. Etter at kriterium for anbodsutsetting vart vedteke var resten av saka unntake offentlegheit, og i fylkestinget i september handsama fylkestinget ny pensjonsleverandør. Berre SV og Raudt stemte for å framleis halde på KLP som pensjonsleverandør. Fordi saka var unntake offentlegheit kunne ein ikkje diskutere saka offentleg eller diskutere med andre organisasjonar for å vurdere kva som var best. KLP klagde til Oslo byfogdebete på saka og meiner at tala som er lagt til grunn for avkastning var det som gjorde at Storebrand hårfint vant anboden. KLP tapte i retten fordi Oslo byfogdebete meinte at totalt sett var det ein skjønnsmessig avgjerd kven av leverandørane som var best, da dei var så like i sine tilbod at fylkestinget hadde all rett til å sjølv avgjere kven av tilboda som var rett. Dette reagerer SV på, og fylkesrådmannen har ved fleire høve meint at politikarane ikkje skal meine noko om denne anbodsutsettinga eller anbodspapira. Sjølv om KLP tapte i retten så viser det seg at fylkesmannen har oppheva fylkeskommunen sitt avslag på innsyn i sakspapira, altså at dei meiner det ikkje er heimel for å unnta så mykje av sakspapira får offentlegheita. Åsmund Berthelsen har jobba mykje med saka som representant i administrasjonsutvalet og gruppeleiar Marthe Hammer har fulgt opp saka i fylkesutval og finansutval med spørsmål. Like før jul hadde Marthe eit utspel i kommunal rapport der ein reagerer på at saka var unntake offentlegheit, og kjem med påstanden om at viss saka hadde vore offentleg hadde utfallet fort vore annleis. SV kjem til å følgje saka vidare.

Budsjettet

SV sin prioritering har vore å hindre store kutt innan opplæring, kollektivprisar og

sv.no

post@sv.no



trafikktryggleik, samt smålege kutt innan kultur og organisasjonsliv. Ramma for sektorane vart lagt i september, og ein har hatt fokus på å oppretthalde viktige tilbod innan musikk, dans og drama, redusert betaling for elev-PC, lærlingar og anna. SV er ein garantist for at ein ikkje finansierer kollektivtrafikken med reklame, og med det hindrar ein stort auke reklame og forbrukspresset på ungdom og andre tek kollektivt. Byvekstavtalen og bompengeforliket gjorde at årets budsjett var ein historisk reduksjon i kollektivprisar. Ein siger er felles ungdomskort for heile vestland, og med Hordaland sin aldersgrense til grunn medførte det ei auke i aldersgrensa for ungdom i gamle Sogn og Fjordane.

SV fekk også gjennomslag at den såkalla Oslo-modellen vert lagt til grunn for seriøsitets-bestemmelser i innkjøp og anna i Vestland, og denne vil komme som sak til våre.

Vestland fylke sitt arbeid med budsjettet er gjennom finansutvalsmodellen. Dette er ein ny måte å jobbe på, spesielt for gamle Hordaland. Gruppeiar sin påstand er at dei politiske frontane mellom høgre og venstresida i politikken var sterkare i gamle Hordaland, og det pregar også arbeidet med budsjett. Finansutvalsmodellen må gå seg til, og nokre justeringar vil måtte skje for å få eit optimalt arbeid med budsjettet, spesielt gjeld dette store områder som kollektiv og kultur kor detaljbudsjettet først vart klart i november.

Organisatorisk

Marthe Hammer er frikjøpt på heiltid frå fylkeskommunen (90% frikjøpt), dette som ein direkte konsekvens av vervet i fylkesutvalet (50%), gruppeiar (35%) og nestleiar i utval for miljø og samferdsle (5%). Åsmund Berthelsen er frikjøpt 10% som nestleiar i utval for opplæring og kompetanse.

Med unntak av fylkestinget i februar 2020 kor Aud Kari Isane og Jeffrey Meijer møtte for Åsmund og Marianne, har gruppa vor fulltaleg på alle fylkestingets møter.

Fylkestingsgruppa er oppteken av å involvere fleire medlemmar og tillitsvalde i fylkestingsarbeidet, og alle SV sine fylkestingsrepresentantar har derfor ein fraksjon rundt seg og som møtes digitalt før kvart utvalsmøte. Dei som sit i fraksjonen er SV sin varaliste til utvalet, og elles representantar som er oppnemnd frå fylkesstyret, eller andre ressurspersonar frå partiet. Tusen takk til alle de som deltek i fraksjonsmøta, det set heile fylkestingsgruppa veldig pris på.

Frøydis Olaussen er fylkestingsgruppa sin sekretær. Ho kallar inn til fraksjons- og gruppemøte, og er med i forhandlingane om budsjett. Frøydis hjelper fylkestingsgruppa med det meste, alt frå å lese politiske saker, komme med forslag til interpellasjonar, utspel, legge ut saker på sosiale media og på våre nettsider, samt tek hand om økonomien saman med økonomiansvarleg i fylkesstyret. Fylkestingsgruppa set veldig pris på jobben som Frøydis gjer, og vil takke ho særskilt for det.



Tabell 1: SV sin representasjon i fylkesting, fylkesutval og utval 2019 - 2023

Fylkestinget:

Representant – Marthe Hammer (Bergen)
 Representant – Åsmund Berthelsen (Sunnfjord)
 Representant – Symphorien Pombe (Øygarden)
 Representant – Marianne Sæhle (Bergen)
 vara – Aud Kari Isane (Sogndal)
 vara – Jeffrey Meijer (Bremanger)
 vara – Ingrid Rekkavik (Bergen)
 vara – Rafael Garrido (Askøy)
 vara – Torunn Olsnes (Bergen)
 vara – Steinar Øydvinn (Sogndal)
 vara – Anne Britt Sørensen (Bømlo)

Fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet,

fylkesvalstyret, valnemd:

Representant – Marthe Hammer
 vara – Åsmund Berthelsen
 vara – Symphorien Pombe
 vara – Marianne Sæhle

Utval for miljø og samferdsel:

Representant - Marthe Hammer (nestleiar)
 vara – Ingrid Rekkavik
 vara – Thor Olav Iversen
 vara – Gaute Losnegård

Utval for opplæring og kompetanse:

Representant – Åsmund Berthelsen (nestleiar)
 vara – Jeffrey Meijer
 vara – Torunn Olsnes
 vara – Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes

Utval for kultur, idrett og inkludering

Representant – Symphorien Pombe
 vara – Aud Kari Isane
 vara – Rafael Garrido
 vara – Signe Ekeland

Utval for næring, naturressurs og innovasjon:

Representant – Marianne Sæhle
 vara – Steinar Øydvinn
 vara - Anne Britt Sørensen
 vara – Torbjørn Taranger

Tabell 2: SV sin representasjon i styrer, råd og utval 2019-2023 - val gjort i 2019 og 2020

Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse – styret: Medlem: Signe Ekeland (SV)

Stiftelsen Bymuseet i Bergen - styret Medlem: Gina Barstad (SV)

Stiftinga Kystkultur no! - Styret Medlem: Symphorien Pombe (SV)

Stiftelsen Museum Vest – styret Medlem: Aud Karin Oen (SV)

Stiftinga Norsk Country-treff – styret: Personleg varamedlem: Marianne Sæhle (SV)

Stiftinga Nynorsk Kultursentrums – rådsmedlem: Medlem: Hege Lothe (SV)

Stiftinga Røde Kors United World College – rådet: Vararepresentant: Åsmund Berthelsen (SV) (nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter – styret: Kandidat 3: Jeffrey Meijer (SV)

Distriktsprogramrådet for Vestland Varamedlem: Aud Kari Isane (SV)

Forum Nye Bergensbanen – arbeidsutvalet Varamedlem: Marthe Hammer (SV) (nestleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet)



Kristoffer Lehmkuhl's Fond til fremme for Norsk Næringsliv Varamedlem: Marianne Sæhle (SV)

Rallarvegrådet Medlem: Marthe Hammer (SV)

Beredt AS – styret Varamedlem: Rafael Cobo (SV)

Bybanen AS – styret Medlem: Akhtar Chaudhry (SV)

Carte Blanche AS – styret Varamedlem 3: Marthe Hammer (SV)

Teater Vestland AS (Sogn og Fjordane Teater) – styret Varamedlem 1: Hanna Bergljot Oftedal (SV)

Trivselshagen IKS Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen (SV)

VIGO IKS Representantskapet Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen (SV) (Nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Grieghallen IKS Representantskapet Medlem: Marthe Hammer (SV)

Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen: Varamedlem: Marte Hammer (SV)

Yrkesopplæringsnemda: Varamedlem: Åsmund Berthelsen (SV)

Etikkutvalet i Vestland fylkeskommune Medlem: Symphorien Pombe (SV)

KODE Kunstmuseer og komponisthjem Varamedlem: Symphorien Pombe (SV)

Ålfotbreen verneområdestyre, to kandidatar i prioritert rekjkjefølgje Kandidat 1: Åsmund Berthelsen (SV)

Nasjonal rassikringsgruppe Vararepresentant: Marthe Hammer (SV)

Nordsjøkommisjonen - Tematiske grupper Klima og energi Vara: Soukaina Legdani (SV)

Klima- og miljøpris 2020 - Innstillingsnemnd Leiari: Marthe Hammer (SV)

Styret for Fagskolen i Hordaland (FIH): Nestleiar: Marianne Sæhle (SV)

Styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane: 2. medlem: Åsmund Berthelsen (SV)

Etter samanslåing: **Fagskulen i Vestland**: Varamedlem: Marianne Sæhle SV

Trafikktryggingsutvalet: Nestleiar: Marthe Hammer, SV

Administrasjonsutvalet: Åsmund Berthelsen, SV

Utsending til KS landsting: Åsmund Berthelsen, SV

Klagenemda: Torunn Olsnes, SV

(**Fylkeseldrerådet**: Kjellbjørg Lunde, vald inn for LOP)

Vestlandsrådet: 2.vara Marthe Hammer (SV)

SV i media

Utrekk frå Retriever ligg som vedlegg til årsmeldinga. Denne viser primært medieutspel med utgangspunkt i redaksjonar som har kontor her i Vestland.

SV - Sosialistisk Venstreparti

Dato 19.01.2021

nyheter

Lemper på kravet om nullutslipp fra hurtigbåter
Vedtok billigere månedskort - så langt har ingenting skjedd
Abortgrense splitter SV
VIL HA FLERE PÅ NÆRSKOLE
Vestland fylkeskommunes klima- og miljøpris til Bergen hamn
Hun vil ikke ha kommunalt veto mot vindkraft
Forbyr fossildrevne drosjer fra 2024
Fylkespolitikerne klarte ikke å bli enige i veikrangel
Vert straffa for å lukkast
Bergens tøffeste jente 2020
Vedtok billigere månedskort - så langt har ingenting skjedd
- Oppsiktstvekkende å ikke vite om forholdene
Her feirer de at After Dark går konkurs
Hordaland sender K5-folkemøte med Hareide direkte på nett
Nederlag for Hordfast i seks timer langt maratonmøte i fylkestinget
Holder fast ved nemndene
Vil kvitte seg med flaskehalsen i Halbrendslia
Stemte om å avsette styret i bompengeselskapet Ferde
Ikkje aklloyse
Advarer mot å svekke fosterets rettsvern
Innovasjon
Her feirer de at han går konkurs
Her feirer de at han går konkurs
Jeg er bekymret for at vi setter oss i bilen igjen
- Har ulovlig innleide folk
VIL HA BETALT
SV-kvinner åpner for uke 22 som abortgrense
To stemmer velta krav om å kvitte seg med styret i Ferde

- Kommunal Rapport 24/09/2020 2:12 p.m.
- ◻ Bergens Tidende 17.08.2020
- ◻ Klassekampen 15.01.2020
- ◻ Bergensavisen 09.09.2020
- Firda Tidend 09/06/2020 7:37 p.m.
- Bergens Tidende - Login 26/08/2020 5:48 p.m.
- Kommunal Rapport 06/03/2020 1:53 p.m.
- ◻ Bergens Tidende 30.04.2020
- Firda 21/09/2020 12:54 p.m.
- ◻ Bergensavisen 10.03.2020
- Bergens Tidende - Login 17/08/2020 7:29 p.m.
- ◻ Bergensavisen 24.01.2020
- Bergensavisen Pluss 11/06/2020 12:58 p.m.
- ◻ Hordaland 22.09.2020
- Sunnhordland 12/05/2020 6:44 p.m.
- ◻ Klassekampen 26.02.2020
- ◻ Firda 16.05.2020
- ◻ Nordhordland 07.03.2020
- ◻ Fjordenes Tidende 22.09.2020
- Norge IDAG 25/01/2020 8:10 a.m.
- Helse Vest 23/03/2020 8:14 a.m.
- Halden Arbeiderblad Pluss 12/06/2020 4:17 p.m.
- Smaalenenes Avis Pluss 13/06/2020 9:14 p.m.
- ◻ Bergens Tidende 21.08.2020
- ◻ Bergensavisen Pluss 24/01/2020 12:38 p.m.
- ◻ Bergensavisen 08.11.2020
- ABC Nyheter 11/01/2020 12:02 a.m.
- Stavanger Aftenblad - Login 04/03/2020 6:07 a.m.



Prioriterer ferjefri E39 likevel - men nemner ikkje Hordfast med eit ord	● Bergens Tidende - Login	12/05/2020 6:24 p.m.
Fire partier enige om Hordfast-formulering	● Bergens Tidende - Login	11/05/2020 8:16 p.m.
To stemmer velta krav om å kvitte seg med styret i Ferde	● Bergens Tidende - Login	03/03/2020 8:07 p.m.
Raser mot buss som «alltid» er forsinket	□ Bergensavisen	17.01.2020
- Gjør knefall for Erna: Bryter med samarbeidspartiene for å få inn Hordfast	● Bergensavisen Pluss	11/05/2020 8:24 p.m.
Feil å utvide retten til selvbestemt abort	● Stavanger Aftenblad - Login	16/01/2020 7:00 p.m.
Intelligent trafikkstyring for intelligente bergensarar	● Vestland fylkeskommune	18/12/2020 6:37 p.m.
Veivesenet ber om at Hordfast prioriteres	● Bergensavisen Pluss	18/03/2020 1:33 p.m.
SV-kvinner åpner for uke 22 som abortgrense	□ NTBtekst	11.01.2020
KRANGLER OM TOG I VESTLAND FYLKE	□ Bergensavisen	06.10.2020
Disse ber bergenserne sykle mer for å unngå smitte. Nå lover de billigere bisykler.	□ Bergens Tidende	18.08.2020
